

Foreldrerådets arbeidsutval

REFERAT FRA ORDINÆRT MØTE 12.02.2025

Deltakarar på møte

Ane (7A), Anja (1 trinn), Agnes (1A), , Arthur (SFO), Hilde Kristin (5B), Georgiana (2 klasse), Bjørn Tore (4B), Kjersti (6A), Gwen (2trinn), Kastidi (3B), Pavlina (3A og 5A)

Meldt fråfall: Kjell-Are (7B,), Stine (6B), Hege (4A)

Aktuelle saker

1. Gjennomgang saker frå SU møte

Refleksdag: Tilbakemelding etter refleksdag er at det er ønskeleg at alle born får utdelt make refleksar. Blinkerefleks var ikkje ønskeleg.

Skidag: Skulen ønskjer at skidagen i 5 klasse avvikles sidan skulen no tilbyr vinterleir. Det vil si at FAU kan heller sponse meir til leirskule i form av leige av utstyr. Skidag krev også mykje logistikk og ressursar.

Utfordring at mange elevar kjem for seint til skulen: FAU legger ut informasjon om utfordringane på alle klasesider på Facebook.

Skulen ønsker å flytte planleggingsdag den 30.01.2026 til 06.11.2025: Dette er for at tilsette kan delta på kompetansehevande kurs som krev reise. FAU seier ja til dette.

Skulen har hatt tilsyn frå arbeidstilsynet: Dette omhandla arbeidsmiljøet til dei tilsette.

Prosjekt skule/heim samarbeid: Lærarar vert intervjuet i forbindelse med dette.

Bom ved skulen er flytta ned til basketbanen: Denne vert stengt når ny parkeringsplass opnar. Den vert då stengd heile døgnet.

Pendlerparkering er forventa ferdigstilt 1.mars. Det vert ikkje tilrettelagt for elbil lading på nye parkeringsplassar..

2. Robustbustadar

Informasjon: Kommunen planlegg å få på plass robustbustader i kommunen. To av tomtene som er aktuelle i første omgang er på Ågotnes. Dette er boligar til personar innanfor rusomsorgen.

Drøfting: FAU uttrykkar bekymring for auka omsetning av rus i eit område som allereie er belasta.

Tiltak: FAU har sendt inn brev til kommunen angående dette (Sjå vedlegg).



3. Natteravnar

Informasjon: 7.klasse ved Landro og Ågotnes barneskule har fått tildelt ein helg i løpet av våren der dei skal gå natteravn. Dato for dette og meir informasjon om kva oppgåva går ut på kjem i næraste framtid. Det vil då være behov for 4 foreldre på ein fredag. Dei som går natteravn får gratis pizza på Umre og kaffi på ESSO.

4. Støtte til 7.klasseavslutning

Informasjon: 7.klasse har valentinsdisco den 14.februar. Dei ønsker også ein større avslutning som blir ein finare markering enn ein ordinær sommaravslutning. Det er ønskelig at dette kan verte ein årleg tradisjon framover der FAU kan sponse ca.5000 kr. Tanken er at pengane går til pynt og utstyr til desse arrangementa.

Tiltak: FAU vedtar dette

5. Klesstativ – «gratisbutikk»

Informasjon: Har fått 3 store stativ og bøylar frå Sartor. Må hentast på Sartor. Desse skal stå i bomberommet ved kantinen. Treng bistand til å hente desse.

6. Sosialkomite- oppdatering

Informasjon: karnevaldisco 7.mars. Invitasjon sendes ut snart.

7. 17.mai – oppdatering

Informasjon: Har fått på plass nok folk til arrangementet og planlegginga er under kontroll.

8. Eventuelt

Innkjøp av bålpanne til skulen: Rektor har bidratt med eiga bålpanne til arrangement som bla. Refleksdag. FAU ønskjer å kjøpe inn bålpanne til skulen som kan benyttast til ulike arrangement

Nasjonale prøver: Resultatet går rette vegen, men har litt å gå på. På matte ligger vi lavt på resultat. Elevane skårar svært godt på engelsk.

Elevundersøkelse: Ser ein negativ trend på mobbing. Ågotnes skule skårar høgt i forhold til andre skuler på Vestlandet. FAU saknar kartleggingsverktøy som kan nyttast i arbeidet med å få ned mobbetala. Vi kan ikkje sjå at det står noka om dette i læringsmiljøplanen til skulen. FAU har fokus med dette og tar det opp i neste SU